

Regional planleggingsdag for barnehagar i Sogn 7.11.2025

«Tenk om det går!» med Nina Nakling

Deltakarar: Tilsette i barnehagane i Sogn og tverrfaglege samarbeidspartar

Tid og stad: Digitalt føredrag fredag 7.november kl 8.30-9.30 med påfølgande refleksjonsoppgåver. Innlogging i Teams og lydsjekk frå kl 8.15. Barnehagane organiserer felles framsyning av det digitale føredraget. Etterpå er det lagt opp til å jobbe i barnehagen med Nina sine oppgåver i ca 1,5-2 timar.

Praktisk info:

- Møtelenkje i Teams vert sendt til styrarane/leiarane nokre dagar i forkant.
- Føredraget vert teke opp og delt med dykk frå tysdag 11.11. Opptaket er tilgjengeleg i kunn ei veke fram til 18.11.25. Opptaket er meint til bruk der barnehagen ikkje har høve til å vere med på sjølve planleggingsdagen og skal berre nyttast internt i oppveksteiningane våre her i Sogn.



Nina Nakling er utdanna barnehagelærer og har 29 års erfaring frå og med sektoren. Ho har vidareutdanning i endringsleiing, rettleiing, coaching og pedagogisk utviklingsarbeid. I tillegg har ho ein master i utdanningsleiing, og studerer for tida teampsykologi ved Universitetet i Stavanger.

Nina si formidling ber preg av hennar erfaring, praktiske tilnærming og stor entusiasme.

Program:

Kl 08.15- 08.30: Innlogging og lydsjekk

Kl.08.30- 09.30: Digitalt føredrag med Nina Nakling «Tenk om det går!»

Kl. 09.30-ca 11/11.30: Arbeid i barnehagen - i grupper og evt. plenum

Etter føredraget jobbar de med refleksjonsoppgåver frå Nina på eigen arbeidsplass i ca. 1,5-2 timar. Barnehageleiinga styrer denne økta. De får desse oppgåvene på e-post nokre dagar i førevegen, saman med teamsinnkallinga og QR-kode til evaluering. I avslutninga av denne delen ynskjer me at deltakarane evaluerer dagen i fellesskap via QR-koden. Det er tilstrekkeleg med eitt felles svar frå kvar eining. Resten av planleggingsdagen kan nyttast til lokalt utviklingsarbeid i barnehagen/kommunen.

Omtale av føredraget «Tenk om det går!» <https://www.ninanakling.no/foredrag/>

«Evna til å møte utfordringar med mot, til å stå på og aldri gi opp er medfødd. Evna til å gi opp derimot er tillært. Kva om me fann tilbake til den medfødde evna? Kvalitet i ei bedrift handlar mest om kven og korleis dei tilsette er. Arbeidslyst, mot, glede og entusiasme hjå dei tilsette er gode kjelder til resultat.»

- *Dette er eit føredrag som pirkar litt i deltakarane*
- *Nokre gonger treng ein at andre set ord på det som vert gjort, og kanskje til og med det som berre vert tenkt*
- *Føredraget skaper ei bevisstheit rundt eige ansvar for motivasjon og arbeidsglede*
- *Du får ei økt fylt med kvardagsmot, vilje til handling og entusiasme – rett og slett litt «vind i håret»!*
- *Med humor og ein stor dose sjølvironi gir Nina deltakarane eit skrått blikk på seg sjølv*



Velkommen til fagleg påfyll gjennom planleggingsdag i Sognaregionen!

Med helsing

Ingrid Steine Bortne

Programleiar «System for styrka læring», barnehage- og skuleutvikling

Sognaregionen - Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

Tlf 48 25 03 06

Ingrid.Steine.Bortne@sogndal.kommune.no

